

**Fra:** Ingeborg Christina Lie Fredheim

**Sendt:** måndag 22. januar 2018 13:56

**Til:** Reidar Grønli <[Reidar.Gronli@sfj.no](mailto:Reidar.Gronli@sfj.no)>

**Emne:** Fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune - dei vidaregåande skulane si rolle

Til styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane v/ rektor

Fleire av dei vidaregåande skulane arbeider med å utvikle fagskuletilbod.

Sogn jord- og hagebruksskule har for skuleåret 2017-2018 avtale med Hvam vidaregåande skule om undervisning ved Fagskolen Innlandet, studiestad Hvam vidaregåande skule og Sogn Jord- og hagebruksskule – Økologisk landbruk. Avtalen inneber at deler av undervisninga skal planleggast av og gjennomførast ved Sogn Jord- og hagebruksskule.

Mo og Øyrane vidaregåande skule arbeider med eit nytt fagskuletilbod i Naturbruk og planlegg å vere ferdige med eit framlegg til læreplan i løpet av januar/februar 2018.

Det er tilbydarar av fagskuleutdanning (styra for fagskulane) som søker NOKUT om godkjenning av læreplanar for nye fagskuletilbod. Dersom dei vidaregåande skulane skal lukkast med å få godkjent og etablert fagskuletilbod med bruk av kompetansen hos sine tilsette og med den vidaregåande skulen som studiestad, må dette vere regulert i avtale med ein etablert fagskule.

Fagskulen i Sogn og Fjordane har tidlegare hatt tilbod om fagskuletilbod med studiestad vidaregåande skular i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesdirektøren arbeider med å førebu ei prinsippsak til hovudutvalet for opplæring (HO) for å avklare dei vidaregåande skulane si rolle når det gjeld fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Noko av det som må avklarast er om etablering av fagskuletilbod ved dei vidaregåande skulane må skje i samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane eller om skulane kan inngå avtalar med fagskular i andre fylke.

Som ein del av grunnlaget for saka til HO ønskjer fylkesdirektøren styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane si vurdering av korleis dei ser dei vidaregåande skulane si rolle når det gjeld fagskuletilbod og korleis dei ønskjer at fagskulen sitt samarbeid med dei vidaregåande skulane skal vere. I dette ligg også kva moglegheiter fagskulen ser til å utvide sitt tilbod og kva føresetnader som då må liggje til grunn.

Fylkesdirektøren ser det som ønskjeleg snarast råd å få avklart prinsippa knytt til dei vidaregåande skulane si rolle når det gjeld fagskuleutdanning i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi ber difor også om tilbakemelding på om det er mogleg for fagskulestyret å gje si vurdering i løpet av inneverande månad.

Med helsing

Ingeborg Christina Lie Fredheim

kontorsjef, opplæringsavdelinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Askedalen 2, 6863 Leikanger

[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Ingeborg.Christina.Lie.Fredheim@sfj.no](mailto:Ingeborg.Christina.Lie.Fredheim@sfj.no)

sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95140622